

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 345/2022

2023/EØS/48/56

av 9. desember 2022

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/2053 av 8. november 2021 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for sektoren for produksjon av metallvarer i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/2054 av 8. november 2021 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for sektoren for telekommunikasjonstenester og informasjons- og kommunikasjonsteknologitenester (IKT-tenester) i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX, etter nr. 1ear (kommisjonsavgjerd (EU) 2020/1802), skal nye nummer lyde:

- 1ear. **32021 D 2053:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/2053 av 8. november 2021 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for sektoren for produksjon av metallvarer i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 (EUT L 420 av 25.11.2021, s. 55).
- 1eat. **32021 D 2054:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/2054 av 8. november 2021 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for sektoren for telekommunikasjonstenester og informasjons- og kommunikasjonsteknologitenester (IKT-tenester) i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 (EUT L 420 av 25.11.2021, s. 87).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2021/2053 og (EU) 2021/2054 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. desember 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 420 av 25.11.2021, s. 55.

⁽²⁾ TEU L 420 av 25.11.2021, s. 87.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 9. desember 2022.

For EØS-komiteen

Kristján Andri Stefánsson

Formann